



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs  
Telefon: 57643135  
E-post: [fmsfes@fylkesmannen.no](mailto:fmsfes@fylkesmannen.no)

Vår dato  
27.06.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/2071- 561  
Dykkar referanse  
201300050

Noregs vassdrags- og energidirektorat

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

## Tilleggsfråsegn til søknad om Fosseteigen kraftverk, Lærdal kommune

Vi viser til høyringsfråsegna vår av 3.6.2016 og til sluttsynfaringa 21.6.2016.

I fråsegna føresette vi at kraftstasjonsavlaupet skulle etablerast ovanfor eller ved vandringshinder for anadrom fisk. Slik plasseringa vart peika ut på sluttsynfaringa, var det tydeleg at den korte strekninga vidare opp til vandringshinderet var bratt og at elvebotnen i stor grad var glatt berg. Lakseproduksjonen i Kuvella vil dermed ikkje verte nemneverdig påverka om kraftverket vert plassert som planlagt. Etter vår vurdering vil kraftverket ikkje kome i konflikt med statusen som nasjonalt laksevassdrag, dersom føresetnadene vi også stilte om å hindre skade av uføresett stans eller gassovermetting i avløpsvatnet vert innfridde.

Vi meinte også i fråsegna at det ville vere ein føremon om røyrgata kan leggjast langs eksisterande veg så langt som mogleg fram til kraftstasjonen, som då eventuelt skulle etablerast på nordvestsida av Kuvelda. På sluttsynfaringa kom det fram at det ikkje var nok plass til røyrgate langs vegen nedanfor den planlagde kryssinga, og at det ville verte inngrep i eit kulturminne (vatningsveite). Vi konstaterer dermed at løysinga vi foreslo ikkje er aktuell.

Fylkesmannen vil, på bakgrunn av det som er sagt ovanfor, ikkje gå mot at den nedre del av røyrgata røyrgata og kraftstasjonen vert etablert slik det er lagt opp til i søknaden.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Lærdal kommune  
Miljødirektoratet